

ÅRSMELDING 1997 O.I.L. VOLLEYBALLGRUPPA

Styret 1997:	Leiar:	Trude Jacobsen (val)
	Nestleiar:	Nina Skjerping
	Skrivar:	Ragnhild Tufta (val)
	Kasserar:	Monica Eikeland (val)
	Styremedlem.:	Siri Elvik Litland
	Valnemnd:	Sigrun Reigstad Ann Kristin Borge

I 1997 har volleyballgruppa i Osterøy Idrettslag hatt 9 medlemmar. Gruppa har hatt 3 styremøter og 1 spelarmøte. Antall styresaker har vore 13.

Anleggssituasjon:

Volleyballgruppa har i sesongen 1996/97 trena tirsdag og fredag i Åstveithallen. Samarbeidet med Nyborg volleyballklubb held fram som før. For sesongen som starta i haust har vi fått treningstid tirsdag og onsdag. Også for kommande sesong trenar Osterøy i Åstveithallen, og spelar heimekampane i forskjellige idrettshallar i bergensområdet.

Økonomi:

For å styrkje økonomien har volleyballgruppa hatt eitt boklotteri. Dette med godt resultat. Gruppa har også delteke i dugnadsarbeid. Årets dugnad var å vaske ned OIL sitt klubbhus på Hatland. Økonominemnda har arbeida for å skaffa laget sponsorar. Sponsorane er: LOBAS, Borge Garveri, Osterøy Energi og Hansa. Dei som har arbeida med dette har gjort ein god jobb. For ein del av sponsormidlane har laget kjøpt overtreksdrakter som skal tilhøyre volleyballgruppa.

Sportslege prestasjonar:

Volleyballgruppa har berre eit lag med i serie-spel også dette året. Etter endt sesong i vår enda laget på 2.plass i 2. divisjon. Dette resultatet er vi fornøgde med. Trenar for sesongen 1996-97, Bjørn Harald Hansen, har tilført laget mykje. Både taktisk og teknisk er spelarane blitt betre.

Laget fekk tilbod om å rykkje opp i 1.divisjon etter at nr. 1 i pulja takka nei til dette. Temaet blei diskutert i spelargruppa og styret. Diverre kom vi fram til at vi ikkje hadde kapasitet i.f.t. spelarar, treningstilhøve og økonomi, til å satse på opprykk.

I mai deltok volleyball-laget i Ekeberg cup. Der enda laget på ein fin 3.plass. I haust deltok laget i Åpningsturneringa. Etter godt spel i dei innleiande kampane og i semifinalen klarte laget å gå vidare til finalen. I finalen blei det tap, men laget var godt fornøgd med den fine 2.plassen.

Endre Synnevåg har overteke trenarfunksjonen og leiar treningane ein gong i veka. Endre har erfaring frå eliteseriespel og landslagsspel, og vi trur at han kan tilføre laget nye kunnskarar og ferdigheter.

Framtidsplanar:

Volleyballgruppa har hatt samtaler med Fotlandsvåg IL. si volleyballgruppe, og begge laga går inn for eit samarbeid, evt. ei samanslåing av laga når idrettshallen står ferdig. Vi håper då at det vert mulig å arbeide meir med rekruttering av unge spelarar.